

Gjerdeplikt og ordning av gjerdehald

Jordskifteoverdommar Magne Reiten

Innleiing

Gjerdeplikt er eit tema som ofte vekker debatt. I mitt arbeid har eg ofte spørsmål om dette, og særleg når hausten nærmar seg og beitedyra i utmark trekker nedover mot grønne og saftige innmarksbeiter, vert både gjerder og naboskap sett på harde prøver. Gjerdeplikta skal sørge for at nødvendige gjerder vert etablert og halde vedlike. Gjerdeplikt er med andre ord eit system som skal sikre at alle eigarar i eit område skal bidra med sin del for å halde gjerda i forsvarleg stand. Som eg skal kome attende til kan eit gjerde ha fleire funksjonar enn å halde beitedyr på rett plass.

Trass i at ordning av gjerdehaldet i dag er ei kjelde til store konflikter og mykje uro, særleg i mange bygdesamfunn, eksistere det ingen politisk debatten kring dette temaet. I 1975 vart det sett ned eit lovutval, som kom med si innstilling i NOU 1980:49. Forslaget inneheldt ein del radikale forslag, m.a. om streifbeiterett og endringar i dyreeigaren sitt ansvar for den skade dyra gjer på annan eigedom. Det vart derfor så stor strid om forslaga at dei ikkje vart vidareført. I staden vart det sett ned ei arbeidsgruppe i 1985 som kom med eit høyringsforslag i 1987. Også dette fekk hard medfart og vart lagt vekk. Politisk sett er nok ikkje dette eit heitt nok tema. Samtidig er det nok slik at ingen politikar vert populær på å fremje ei slik sak, sidan det handlar om kven som skal ha kostnaden med gjerdehaldet – kven skal ha gjerdeplikta.

Eg vil her gi ei kort oversikt over eksisterande reglar om gjerdeplikt, særleg lov om grannegjerde frå 5. mai 1961 (grannegjerdelova) med tilhøyrande rettspraksis. Til slutt vil eg trekke fram nokre eksempel på alternative gjerdeordningar, der ein kan skyve dei juridiske vurderingane i bakgrunnen og heller leite etter praktiske løysingar.

Eg vil og innleiingsvis gjere merksam på at delar av kjeldematerialet er henta frå Professor dr. juris Torgeir Austenå sitt foredragsmanuskript frå seminar 14. april 1993 for Jordskifteverket i Frostating jordskiftedøme.

Kort historikk

Lovreglar om gjerdehald går meir enn 1000 år tilbake i historia. Sjølv innan tingsretten er det ikkje dagleg kost å møte lovreglar med ei så lang historie. Alt i "Håvamål" er gjerdeproblematikk omtala i det velkjente sitatet: "*Gard set fred mellom grannar*". Vidare er det t.d. gitt reglar i Gulatingsloven, i Landslovene og i Christian IV's lover. Det har til alle tider vore viktig for storsamfunnet å gi reglar innanfor dette feltet, for å skape fred mellom grannar og bygdelag og for å kunne utnytte dei viktige beiteressursane.

I dei lovene som gjaldt fram til 1860-loven om Jords Fredning gjaldt i all hovudsak den grunnsetning at kvar enkelt grunneigar sjølv måtte syte for å verne jorda si mot annan manns husdyr. Etter desse reglane vart det derfor den som hadde innmarka som måtte syte for å halde beitedyra ute. Etter 1860 gjekk lovgjevaren over til eit heilt anna prinsipp ved at det no vart husdyreigaren som fekk ansvaret for å vakte sine dyr. Samtidig innførte lovgjevaren det prinsipp at ein kan krevje at grannen skal ta halvparten av gjerdehaldet.

Først i 1961 vart det vedtatt ny gjerdelov. Denne var eit svar på dei store endringane som hadde gått føre seg i samfunnet dei siste hundre åra. Lovgjevaren var no opptatt av å lage ei allmenn lov om gjerdehald, ikkje berre ei lov som skulle gjelde gjerde for å frede mot beiteskade. Ein ser derfor at den lova som vart vedtatt i 1961, ikkje er avgrensa til landbruket eller til ei spesiell næring, men er ei generell lov som gjeld alle eigedomar. Gjerdeplikta, slik den er komen til uttrykk i lova frå 1961, går derfor lenger enn berre å hjelpe eigaren med å halde kontroll over sine dyr.

Eg vil i dette korte notatet ikkje gå nærare inn på historia til gjerdelovgjevinga enn det som er nødvendig for å klargjere dagens reglar. Det er likevel klart at gjerdehaldet kanskje var enklare å regulere tidlegare enn det er i dag. Tidlegare var alle eigedomar i drift på ein slik måte at gjerdehald var nødvendig i ei eller anna form for å utnytte ressursane og skaffe mat og inntekt. I dag er berre eit lite mindretal av landbrukseigedomane i drift, og endå færre eigedomar har beitedyr som t.d. beiter i utmark.

Dette har ført oss over i ein situasjon der svært få har interesse i å delta i den store kostnaden det er å vedlikehalde og sette opp nødvendige gjerde. Mange finn det derfor urimeleg at dei må delta i eit kostbart gjerdehald, så lenge dei sjølv ikkje har inntekt frå beite eller anna nytte av gjerdet.

Gjerdet sine ulike funksjonar

Eit gjerde kan ha mange ulike funksjonar. For landbrukseigedomar vil ofte den viktigaste funksjonen være å ha kontroll på beitedyr, eller å hindre at framande beitedyr kjem inn på eigedomen. Husdyr som ikkje er under kontroll av eigaren vil både være eit problem for dyreeigaren og alle som får skade på eigedom eller anna.

Generelt har gjerdet ein viktig funksjon ved at det markerer eigedomen sine grenser. Gjerdet kan t.d. vise skiljet mellom innmark og utmark, grensa for ein felles beiterett eller eigedomsgrense. Rett nok kan ein ikkje alltid stole på at gjerdet er sett akkurat i grensa, men i dei tilfeller det er gjort vil gjerdet ha ein viktig funksjon ved at det viser denne grensa.

Eit gjerde kan vidare ha ein viktig funksjon i å sikre folk og dyr mot brønningar, gruvehol eller bratte skrentar. Eit gjerde kan og ha ein funksjon ved at det hindrar uønska ferdsel inn på område som eigaren ynskjer å markere som privat. Sjølv utan dyr vil ein derfor ofte være avhengig av å halde gjerdet oppe. Dette ser ein t.d. i villastrøk der eigarane gjerder inne eigedomane sine, utan at dette er grunna i omsynet til beitedyr.

Likevel er det klart at omsynet til beitedyr totalt sett er den viktigaste funksjonen til gjerdestrekningane i landet, og då særleg for å hindre beitedyr frå å kome inn på innmark og gjere skade der. Etter grannegjerdelova frå 1961 er likevel dei andre funksjonane og viktige. Sidan denne lova er ei generell gjerdelov, kan gjerdet krevjast oppsett i eit reint villastrøk utan at det har funksjon som vern mot beitedyr.

Grannegjerdelova frå 1961

Grannegjerdelova vart vedtatt i 1961, og gjeld berre dersom ikkje andre rettsforhold seier noko anna. Lova er det ein i juridisk terminologi kallar deklarasjonslov, ved at den berre gjeld så langt partane ikkje har avtalt andre reglar. Det er gjort nokre unntak frå dette i lova. Det viktigaste unntaket er at avtalar om gjerdehald kan seiast opp etter ein viss tidsfrist, sjå nedanfor.

Det er derfor på dei fleste område fritt opp til partane å avtale ei anna ordning av gjerdehaldet enn det grannegjerdelova legg opp til, så lenge alle involverte er einige om det. Dersom dei ikkje vert einige om andre forhold, eller andre forhold ikkje er avtala frå før, gjeld grannegjerdelova sine reglar.

Tilsvarande vil det lova kallar "særlege rettshøve" ikkje kunne endrast, jf. § 1. Som "særlege rettshøve" reknar ein rettsgrunnlag for gjerdehaldet, som det vil vere i strid med grunnlova § 97 å gripe inn i. Avgjerd om gjerdehald i tidlegare jordskifter (utskiftingar) eller skjønn etter tidlegare lover, bygger på lov og vert normalt ikkje rekna som "særlege rettshøve", jfr. Rt. 1965 s. 1204. I Rt. 1965 s. 1277 kom Høgsterett til at dei tidlegare reglane om at allmenning ikkje hadde gjerdeplikt (lov 16. mai 1860 om jords fredning § 3 bokstav a), ikkje kunne reknast som "særlege rettshøve" etter den nye lova. Terskelen for å kome inn under "særlege rettshøve" er derfor svært høg.

Det er vidare strenge krav for å kunne slutte at det ved lokal sedvane eksisterer ei ordning som medfører ei særleg plikt, utover gjerdelova sine reglar.

Gjerdelova sine reglar gjeld etter lova sin ordlyd gjerder i grenser mellom eigedomar. Det er ved å lese lova lett å forstå den slik at den gjeld der du har to grannar som skal setje gjerde i ei felles grense. Mest aktuelt er spørsmålet om lova og gjeld gjerde i grensa mellom innmark og utmark. Her er det normalt inga eigedomsgrense. Ofte er det same eigedomen, men gjerdet avgrensar felles beiteområde mot innmarka. Normalt vil det vere ein part på innmarkssida, medan utmarka vil kunne ha mange beiterettshavarar som er partar i gjerdet. Dette spørsmålet vart prøvd for Frostating lagmannsrett, som slo fast at lova gjeld også i grensa mellom innmark og eit utmarksområde der beiteretten ligger i sameige eller i sambruk, jf. Frostating lagmannsrett, RG 1981 s. 592.

Grannegjerdelova inneheld mellom anna ein "**rett**" til å ha gjerde, og "**tvang**" til å halde gjerde.

"Rett" til å halde gjerde har kvar eigedom etter gjerdelova § 6 som lyder slik:

"Granne har rett til å ha gjerde mot granneeigedom når han kostar det sjølv". I § 4 er det vidare gitt nærare reglar om korleis gjerdet skal setjast opp. Eigaren av ein eigedom har derfor som ein hovudregel rett til å setje opp gjerde, sjølv om grannen ikkje ønskjer noko gjerde i grensa. Ein føresetnad for å kunne setje opp gjerde er det sjølv sagt og at ikkje reglar etter plan og bygningslova og liknande forbyr gjerde i det aktuelle området.

Med "tvang" til å halde gjerde meinast ofte gjerdeplikt. Ein får plikt til å halde gjerde mot ein granneeigedom eller mot t.d. felles utmarksbeiteområde. I tillegg til den "rett" ein eigar har til å setje opp eit gjerde i grensa, kan han også krevje at den andre grannen skal ta del i kostnaden med gjerdet. I utgangspunktet skal kvar av grannane halde ein halvpart av gjerdet. Dersom dette vert urimeleg kan kostnaden fordelast etter den nytte kvar av dei har av gjerdet.

Ein skal og merke seg at slik gjerdeplikt ikkje kan oppstå mot hyttetomter i utmark.

Grannegjerdelova § 7 siste ledd lyder slik: *"Mot hyttetuft i utmark har utmarkeigaren ingen skyldnad til å halde gjerde."*

Gjerdelova bygger vidare på det system at ei gjerdeordning kan takast opp att til ny vurdering etter at det er gått ei viss tid. Dersom det er halde skjønn etter lova, kan nytt skjønn krevjast etter 15 år. Dersom partane har inngått frivillig avtale om gjerdehald, kan denne seiast opp

etter 10 år, med eitt års oppseingsfrist. På dette punktet er det ikkje fritt opp til partane å avtale andre reglar. Sjølv om ein avtale er inngått for lengre tid, vil gjerdelova likevel gi partane rett til å seie opp avtalen når ti år er gått. Unntak frå dette er gjort i loven når avtalen er inngått i samband med frådeling og sal av eigedomen.

Dersom ei slik gjerdeplikt er avtalt som eit ledd i sjølve eigedomshandelen, ved at vilkåret er tatt inn i skylddeling, kjøpekontrakt eller skøyte, vert denne plikta tolka som ein del av salssummen. Plikta kan derfor ikkje endrast ved gjerdelova sine reglar, jf. grannegjerdelova § 2. I så fall kan denne plikta berre endrast eller falle bort dersom eigaren av utskiljareigedomen aksepterer det. Dersom avtalen ikkje er gjort samtidig med kjøpet av eigedomen, men t.d. nokre dagar seinare, vert dette tolka som ei avtale om gjerdehald som kan seiast opp etter gjerdelova sine reglar etter at ti år er gått.

For den som skal selje tomter eller dele frå andre eigedomar, er det svært viktig å merke seg dette. Får den nye eigedomen gjerdeplikt t.d. i skøyte, vil gjerdeplikta ikkje kunne seiast opp eller endrast. Dersom kjøparen får gjerdeplikt i ein eigen avtale sett opp nokre dagar etter tomtesalet, vil kjøparen kunne seie opp avtalen når det er gått ti år og seljaren risikerer då å måtte ta halve gjerdeplikta.

Gjerdeplikt

Generelt og gjerdeplikt

Det å eige ein eigedom vert i dag ofte likestilt med det å få ein rett eller eit knippe med rettar. Det svært mange gløymer er at ein eigedom ofte også har ei rekkje plikter. Til dømes kan ein eigedom ha ein vegrett, men like sjølvstøtt er det då at eigedomen og har ei plikt til å delta i vedlikehaldet av vegen. Slik er det òg med gjerdeplikta. Ein eigedom kan t.d. ha ein beiterett i utmarka, og ei tilhøyrande plikt til å halde gjerde. Av og til kan gjerdeplikta òg skuldast andre forhold enn at vedkomande har beiterett, sidan eit gjerde som nemnt har andre funksjonar enn berre å verne mot beitedyr. Ei slik gjerdeplikt er knytt til eigedomen og vert ikkje tatt vekk fordi om eigaren for ein periode legg ned drift med husdyr eller vel å flytte frå eigedomen.

Gjerdeplikt vert i denne samanhengen nytta om to noko ulike forhold:

1. Gjerdeplikt som etter historisk bruk eller dokument, er konkret fastsett for kvar gard og grend.
2. Gjerdeplikt – om den plikt ein eigedom kan bli pålagt etter grannegjerdeloven frå 1961 til å dele gjerdehaldet med grannane sine, både oppsett og vedlikehald.

Særskilt fastsett gjerdeplikt

Svært ofte er situasjonen på dei ulike gardane slik at eigedomane gjennom jordskifte (utskifting), frådelingar eller avtalar har fastslått korleis gjerdene skal setjast og kven som skal koste gjerdehaldet.

Til dømes er gjerdehald ofte eit tema i jordskiftesaker. Eigedomane som er med i jordskiftet får ofte fastsett kva for strekningar dei er pliktige å halde gjerde for. Vi seier då at desse eigedomane har gjerdeplikta på desse strekningane. Oftast vart gjerdeplikta fordelt slik at kvar eigedom hadde ansvaret for si strekning, men det er òg tilfelle der gjerdeplikta er felles for fleire eigarar over ei større strekning.

Det er òg vanleg at gjerdeplikta vert nemnt ved frådeling av nye eigedomar. Ved frådeling av ein mindre eigedom kan t.d. denne eigedomen ha fått ei plikt til å halde ein del av utskiljar-eigedomen sitt gjerde, eller den nye eigedomen kan ha fått gjerdeplikt rundt eigen eigedom.

Det vert gjennom slike særlege forhold etablert ei gjerdeplikt som vert gjeldande inntil ny avtale vert inngått, eller det vert halde eit skjønn eller jordskifte som avløyser den gamle gjerdeplikta. Det er ofte denne konkrete tydinga av ordet gjerdeplikt som lever i daglegspråket vårt, der kvar eigedom har ansvaret for sin del av gjerdet.

Gjerdeplikt etter grannegjerdelova frå 1961

Den andre forståinga av ordet er gjerdeplikt etter grannegjerdelova. Med gjerdeplikt her forstår ein at vilkåret for å halde felles gjerde etter lova er oppfylt. Lova gir her reglar for når to grannar vert forplikta til å halde gjerde i lag, slik at det oppstår ei gjerdeplikt. Dersom partane ikkje vert einige, kan dei etter lova nytte seg av skjønn for å få fastslått om det eksisterer gjerdeplikt eller ikkje, og vilkåra for ei slik gjerdeplikt. Etter at skjønn er halde, eller etter at partane med grunnlag i reglane i gjerdelova har inngått ein avtale om gjerdehaldet, vert gjerdeplikta konkretisert til å verte ei plikt for den enkelte eigar. Vi ser at ordet gjerdeplikt etter dette både betyr ei konkret plikt, og at det vert nytta for å skildre at vilkåra for gjerdehald etter grannegjerdelova er oppfylt,

Etter lova som gjaldt fram til grannegjerdelova i 1961, var det ei "vilkårlaus" gjerdeplikt for gjerder på innmark, og for gjerder mellom innmark og utmark. For desse gjerdestrekningane var det nok at den eine grannen kravde gjerde, så måtte den andre delta med halve kostnaden i gjerdehaldet. Dette vart endra ved den nye grannegjerdelova i 1961, ved at plikta til å halde gjerde i dei tilfella som er nemnt over ikkje vart gjort "vilkårlaus". Gjerdeplikt etter den nye lova vart det først når det samla sett er nytte av gjerdet. Ein granne kunne etter dette ikkje krevje gjerdehald av grannen utan å ha rimeleg grunn for det.

Grannegjerdelova frå 1961 skil mellom vilkåra for gjerdeplikt når det skal etablerast nye gjerder og når eksisterande gjerder skal haldast vedlike.

Ved etablering av nytt gjerde, er prinsippet at ein eigar ikkje kan tvingast med på eit slikt fellestiltak utan at han har nytte av det. Ut frå dette lyder grannegjerdelova § 7.1 slik: *"Der grannegjerde er til nytte for eigedomane kvar for seg, kan granne krevje gjerdehald av granne, så fram det er klårt at samanlagt for baa eigedomane er nytta av gjerdehaldet større enn kostnadene."*

Regelen vert då slik å forstå at dersom eigedomane på kvar side har nytte av å etablere eit nytt gjerde, og nytten samanlagt for begge er større enn kostnadene, ligg det føre gjerdeplikt. Sjølv om den eine eigedomen berre har lite nytte av gjerdet, og den andre har stor nytte vil det likevel ligge føre gjerdeplikt så lenge nytten for begge eigedomane samanlagt er større enn kostnaden med å setje opp gjerdet.

For å avgjere om det ligg føre gjerdeplikt etter grannegjerdelova, i ein situasjon der ein ynskjer å etablere eit nytt gjerde, må ein vurdere nytten kvar eigedom har av gjerdet og halde dette opp mot kostnaden med gjerdet.

Ein skal her merke seg at lova seier at det er "eigedomane" som skal vurderast. Det er ikkje nødvendigvis meininga til den aktuelle eigaren som disponerer eigedomen i dag som skal leggast til grunn for nyttevurderinga. Dette opnar for at ein kan vurdere eigedomen sine

ressursar objektivt og langsiktig. Sjølv om dagens eigar bur i byen utan ynskje om å drive aktivt landbruk med beitedyr, kan ein ikkje ut frå det konkludere med at eigedomen ikkje har nytte av eit gjerde. Ein skal derfor legge vekt på den drift som det til ei kvar tid kunne vore på bruket og korleis eigedomen kan bli nytta i framtida, like mykje som korleis eigedomen faktisk blir brukt i dag.

Eit anna spørsmål er kva som ligg i nytteomgrepet. Dette kjem eg attende til nedanfor.

Som nemnt er det ulike krav etter grannegjerdelova til gjerdeplikt, avhengig av om det gjeld vedlikehald av eit eksisterande gjerde eller oppsett av eit nytt gjerde. Vilkåra for å vedlikehalde eit eksisterande gjerde er formulert i § 7 andre ledd og lyder slik:

”Gjerde som er der frå før, må ikkje leggjast ned utan at vedlikehaldskostnaden er større enn nytta for både eigedomane under eitt.” Dette vert tolka slik at lova stiller noko større krav til nytte for å etablere eit nytt gjerde i forhold til kva som skal til for å oppretthalde eit eksisterande gjerde.

Nytten av eit gjerde.

Korleis ein skal vurdere nytten vert sentralt for å avgjere om det ligg føre gjerdeplikt etter grannegjerdelova. Kva ein skal legge vekt på når ein skal fastsette nytten, er eit skjønsmessig spørsmål.

Eit vanleg utgangspunkt for mange, når ein skal vurdere nytten av eit gjerde, er å vise til at det er dyreeigaren som er ansvarleg for å vakte sine dyr, jf. beitelova nr. 12 frå 1961, § 6. Vidare er dyreeigaren etter reglane i beitelova objektivt ansvarleg for å erstatte all skade som dyra hans gjer på annan eigedom, jf. beitelova § 7. At dyreeigaren har objektivt erstatningsansvar, tyder at han skal erstatte skaden uansett. Einaste unntaket lova gir er at dyreeigaren ikkje vert ansvarleg for skaden dersom skadelidne sjølv har vanhalde gjerdeplikta. Mange vil ut frå desse reglane hevde at dyreeigaren har heile nytten av gjerdet, og må derfor finne seg i å ta heile kostnaden med gjerdehaldet.

Dersom ein går igjennom lovførearbeid, og rettspraksis vil ein likevel sjå at dette utgangspunktet som i dag er vanleg mellom grunneigarar, ikkje er ei korrekt forståing av grannegjerdelova sitt nytteomgrep.

Intensjonane i grannegjerdelova frå 1961, var at det skulle skje ei kostnadsdeling mellom dei ulike brukarane av gjerdet. Dette kom tydelig fram i premissane frå herredsretten i ei gjerdesak som vart ført heilt til Høgsterett, ”Tingelstad allmenning”, RT 1965 s. 1277. Høgsterett sa her at dei i det alt vesentlege kunne slutte seg til den grunngeving herredsretten hadde gitt, som uttalte seg slik om kostnadsdelinga:

” Retten kan ikke være enig med saksøkeren i hans anførsel om at hans tilskuddsplikt bør settes til null og under enhver omstendighet til en meget lav prosent ut fra den betraktning at han prinsipielt ikke har noen økonomisk interesse i gjerdeholdet fordi han kan kreve sitt tap dekket hos dyreholder som er objektivt ansvarlig for beiteskader. For det første er å si at det å få fremmed beitefe inn på sin eiendom i praksis vil kunne lede til omkostninger, tidspille og besvær som ikke vil bli dekket etter ansvarsreglene i beitelovens §§ 6 flg. For det annet må en inngjerding av eiendommen antas å øke dennes verdi i sin alminnelighet. Eiendommen ligger nær alminnelig trafikert veg og det må derfor tas med i betraktningen verdien av at gjerdet vil bety vern også mot annet enn beitedyr. Endelig nevnes at det heller ikke bør ses bort fra muligheten av at driften senere kan bli omlagt til også å omfatte dyrehold.

For Tingelstad almenningens vedkommende finnes det tilstrekkelig å peke på den nytte almenningen vil ha av gjerde i første rekke vil bestå i at den beskytter de allmenningsberettigede mot ansvar for beitefe. Retten har antatt at nytten av gjerdet stort sett vil være lik for begge eiendommer.”

Ut frå det som her er sagt, vil i alle fall to interesser ha nytte av eit slikt gjerde. Beiteinteressene har ein del av nytten, og grunneigaren som har interesse i å ta vare på sin eigedom har den andre delen av nytten. I tillegg kjem alle dei andre funksjonane som eit gjerde kan ha, som òg skal telje med i nyttevurderinga.

Eit anna døme frå rettspraksis er frå Eidsivating Lagmannsrett, 13. juni 1969, RG. 1970 s. 22. Her grensa ein landbrukseigedom inn til eit område tettbygd med bustadhus sett opp av eit ”boligbyggeselskap”. Eigaren av landbrukseigedommen kravde at selskapet skulle delta i gjerdehaldet mot gardsbruket, noko selskapet nekta for. Lagmannsretten kom her til at det var nytte for leigebruarane til selskapet å ha gjerde mot gardsbruket, og dei måtte ta sin del av gjerdeplikta.

I RG. 1967 s. 338 er gjerdet sin funksjon som synbart teikn på eigedomsgrense trekt inn i nyttevurderinga.

Grannegjerdelova sitt utgangspunkt er at kvar av grannane skal delta med like stor del i gjerdet. Dersom dette vert urimeleg, skal kostnad til oppsett og vedlikehald i staden delast etter nytten, jf. grannegjerdelova § 8. Eit døme på ei slik sak er teken inn i RG 1990 s. 61 frå Tønsberg Byrett. Etter ei grundig drøfting av gjerdelova sine reglar, kjem byretten her til at eigedommen som er utan husdyr i realiteten vert friteken frå gjerdeplikta medan husdyreigaren får ansvar for heile gjerdehaldet. Eigedommen som vart fritatt, hadde i dette tilfellet ikkje hus på eigedommen som kunne nyttast til husdyr, og det hadde ikkje vore husdyr på eigedommen etter 1948. Denne avgjerda er tatt i tingretten, og har derfor relativt avgrensa overføringsverdi til andre saker.

Gjerdeplikt – mot kven.

I eit forhold med rettar og plikter er det alltid viktig å vite kven som er partar i spørsmålet. Kven har interesse i at ein rett vert brukt eller at ei plikt vert skjøtta ?

Normalt må ein kunne seie at ei gjerdeplikt gjeld i forhold til dei andre som har beiterett i området. Mellom to grannar er dette klart, ved at den eine grannen har plikta til å halde gjerde mot den andre. Det er då berre desse to som har ei interesse i om gjerdet vert halde vedlike eller ikkje. Dei same to kan då avtale at dei skal ta gjerdet ned og at gjerdeplikta skal opphøyre.

Noko vanskelegare vert dette når gjerdeplikta gjeld t.d. mot felles utmark. Her vil situasjonen ofte vere det at dersom ein eigedom eller t.d. alle eigarane innanfor eit gardsnummer sluttar å halde gjerde, vil heile systemet som omsluttar eit utmarksområde med gjerder rakne.

Kven som då kan krevje at gjerdeplikta skal haldast, vert eit avgjerande spørsmål for mange som er avhengig av å bruke beiteressursane. Dette må vurderast konkret i kvart enkelt høve. Som regel må ein rekne med at gjerdeplikta gjeld i forhold til dei andre med beiterett i området. Gjerdeplikta gjeld normalt ikkje mot andre partar som har sine rettar i andre område, men som har dyr som streifar innom. Rettspraksis har kome til ulike resultat i slike vurderingar og eg gjengir her to eksempel frå Møre og Romsdal der resultatet vart ulikt.

I RG 1972, side 8 er det ei avgjerd frå Frei kommune. Her hadde brukarane på ein gard på Frei tatt ned gjerda mot deira felles utmark fordi dei ikkje hadde beitedyr i utmarka lengre. Dyra frå andre gardar på Frei kom då ned på innmarka, og det vart kravd erstatning for den skade dyra gjorde. Frostating Lagmannsrett kom her til at mellom dei 16 gardane på Frei var det ved alders tid etablert eit gjerdesystem som ikkje kunne avsluttast ved at ein enkelt gard tok ned gjerda. Dei viste til at Frei var ei rund øy med samanhengande gjerde rundt. Saka vart avgjort under dissens der mindretalet meinte at kvar gard kunne avslutte gjerdehaldet slik det her var gjort.

I RG 1991, side 997 er eit liknande spørsmål avgjort på Fremmerlid i Volda. Her kom det sauer ned frå ei bygd som låg eit stykke vekk. Her kom Frostating lagmannsrett til at eigaren på Fremmerlid var i sin fulle rett til å ta ned gjerdet, og at han berre var pliktig til å halde gjerde mot sine grannar på Fremmerlid. Dei sauene som no kom ned og skada innmarka, tilhøyrt eigarar som ikkje hadde beiterett på Fremmerlid. Saueeigaren måtte derfor betale skadebot til innmarkseigaren. Det var berre grannane på Fremmerlid, som hadde del i den felles beiteretten der, som kunne krevje at gjerdeplikta vart halden der.

Ut frå denne siste avgjerda kan ein derfor tolke dette slik at plikten til å halde gjerde berre kan krevjast oppfylt av dei andre med beiterett inntil gjerdet. Situasjonen på Frei, som gjorde at denne saka fekk det motsatte utfallet, var at det ved lokal sedvane var etablert ei anna ordning.

Den som nyttar utmarksbeite, veit at beitedyra streifar over store områder, og at dei går utanfor dei områda der eigarane har formell beiterett. Når dei då ikkje kan krevje at gjerda vert haldne vedlike anna enn der dei har formell beiterett, vert dette ein vanskeleg situasjon. Så lenge det er aktive beitebrukarar i alle delar av eit slikt gjerde, har ein eit juridisk grunnlag for at gjerdeplikta vert halden. Når det blir langt nok mellom beitebrukarane, raknar systemet med gjerdeplikt. Dette var noko av grunnlaget for at lovutvalet på 1980-talet foreslo å formalisere ein "streifbeiterett", noko som tidlegare nemnt ikkje vart vidareført.

Ordning av gjerdehald – modellar for framtida !

Det har i mange område utvikla seg slik at det berre er eit fåtal husdyreigarar igjen. I motsetning til tidlegare kan desse ha spesialisert seg til å drive med store dyretal i forhold til det som var vanleg før. For desse husdyrbrukarane er det samtidig viktig å ha eit godt granneforhold, og ikkje kome i konflikt med folk flest i bygda.

Sjølv om eksisterande gjerdeplikter og gjerdelova isolert sett kan gi beitebrukarane gode arbeidsvilkår, ved at gjerdebyrdene er delt eller kan delast mellom alle eigarane i grenda, vert det ofte til at ein unngår å skape konflikter og heller leitar etter alternative måtar å løyse problemet på. På grunn av at ein manglar ei moderne gjerdelov, vert det derfor ofte til at jordskifterettane får slike saker der ein må leite etter dei beste løysingane i kvart enkelt høve.

Eit alternativ kan være å finne korte gjerdetrasear som er lite arbeidskrevjande både å byggje og halde vedlike. Før var det vanleg å gi kvar enkelt eigedom ansvaret for si bestemte gjerdestrekning. I dag er det meir vanleg å skipe eit gjerdelag som byggjer og held vedlike gjerdet, der kvar eigar har ein del i eit slikt fellesgjerde. På den måten unngår ein å få problem dersom ein eigar ikkje held vedlike sin del.

Eit anna alternativ, når det ligg til rette for det, kan være at ein ser på områder som er særleg godt eigna til beite. Gjerne med god bonitet og der det er enkelt å halde kontroll over dyra.

Ved å konsentrere beitebruken til slike avgrensa område, kan beitebrukarane sjølve legge til rette området ved å setje opp gjerder og organisere både tilsyn og sanking. Ved å tenke utradisjonelt kan ein her finne gode løysingar. Moderne gjerder, t.d. elektriske, kan redusere kostnadene med gjerdehaldet der det ligg til rette for det. Offentlege tilskot kan òg lette gjennomføringa av slike prosjekt. Ved å nytte beiteområde som har naturlege avgrensingar, kan ein og redusere gjerdelengder og gjerdekostnader vesentleg.

Jordskifterettane har derfor frå tid til anna saker der partane i staden for å halde på systemet med gjerdeplikter, heller leitar etter alternative ordningar.

I sak nr. 44/1998 ved Sør-Trøndelag jordskifterett kravde nokre av grunneigarane i eit område i Orkdal kommune bruksordning for å etablere eit felles utmarksbeiteområde. Mange av grunneigarane var i mot dette. Dei meinte at sauene ville skade skogen, og at eit slikt beiteområde ville være negativt for utmarksområdet. Beitebrukarane fekk langt på veg medhald, og jordskifteretten vedtok ei bruksordning der beitebrukarane mellom anna fekk løyve til å setje opp gjerde rundt heile området. Grunneigarane fekk ikkje utgifter til gjerdehaldet, og skulle ha ei årleg leige frå beitebrukarane. Jordskifteretten si bruksordning vart stadfesta først av Frostating jordskifteoverrett og seinare av Frostating lagmannsrett.

I ein avisartikkel i lokalavisa "Sør-Trøndelag" frå 11. mars 2006 går det fram at beitebrukarane har bygd eit elektrisk gjerde på over fem mil, og at dei har gjerda inne eit område på 17000 dekar med grunnlag i denne bruksordninga. Med offentlege tilskot til etablering av gjerdet er dette ein måte å løyse slike problem på, i staden for å fokusere på tradisjonelle gjerdeplikter.

Den praksis som elles er i jordskifterettane på dette feltet, er svært variert. Ein prøver å velje løysingar tilpassa den konkrete situasjonen som er i kvar enkelt bygd og på kvar enkelt gard.

Sluttord

Mange eigarar er av den meining at når dei legg ned drifta, og sluttar å utnytte beiteretten, forsvinn også gjerdeplikta. Dette er ikkje ei korrekt forståing av grannegjerdelova sine reglar. Ei slik gjerdeplikt vert ståande heilt til den vert avløyst. Eg har ovanfor gått igjennom dei mest vanlege måtane ei slik gjerdeplikt kan avløyast på.

Grannegjerdelova er laga i ei tid då det framleis var svært mange eigarar som nytta utmarksbeite. Lova er isolert sett "gunstig" for husdyreigaren, ved at gjerdeplikta normalt skal delast likt mellom grannane, men utviklinga er no i ferd med å gjere lova til eit dårleg redskap for den som skal utnytte t.d. utmarksbeite. Samtidig som attgroing av kulturlandskap er ein heit politisk sak, er det ein fare for at store strekkingar vil måtte avviklast som husdyrbeite på grunn av dårlege gjerder.

Kombinasjonen mellom offentlege tilskot, ny teknologi og nye ordningar av gjerdehaldet kan likevel gi husdyrbrukarane som nyttar utmarka, gode levekår også framover. Eg er meir skeptisk til om ei ny gjerdelov vil kunne gjere det same.